

11497  
 e, Astrid Leine, Ragnhild  
 86 Venn: 4268  
 e, Nils - 2975 Leine, Liv  
 nis, Vennis,  
 5 VANG I VALDRES 2975 GRINDAHEIM

Styret i VALDRES FOLKEMUSIKKLAG etter årsmøtet og omorganisering:

- Andris Kvam, leiar - 2975 Vang - 61367167 - 94144299
- Guro Råheim Kvam - 2975 Vang (Valdreskvelven)
- Henning Andersen - 2910 Aurdal (Vårflaumen)
- Erik Røang - 2930 Bagn (Begnalljom)
- Ingebjørg Moe - 2966 Slidre (Vestre Slidre)
- Harald Røine - 2943 Rogne (Øystre Slidre)
- Knut Aastad Bråten - Nordahl Brunsgt. 22 - 0165 Oslo (Valdreslaget i Oslo)
- Ingar Ranheim - 2900 Fagernes (Valdres Folkemusium)

LOKALLAG

- Begnalljom spel- og dansarlag v/Runar Kolsrud - 2930 Bagn
- Etnedal spel- og dansarlag v/Knut Soldal - 2890 Etnedal
- Valdreslaget i Oslo v/Frode Rolandsgard - Olaf Ryespl. 3b - 0552 Oslo
- Valdreskvelven spel- og dansarlag v/Guro Råheim Kvam - 2975 Vang
- Vestre Slidre folkemusikk- og danselag v/Ingebjørg Moe - 2966 Slidre
- Vårflaumen spel- og dansarlag v/Inger Marie Skogheim - 2900 Fagernes
- Øystre Slidre spel- og dansarlag v/Magny Karlberg - 2943 Rogne

VALDRES FOLKEMUSIKKLAG : Museet - 2900 Fagernes tlf. 61 36 46 71

LÅT O' LINK

Meldingsblad for VALDRES FOLKEMUSIKKLAG

Nummer 1 - Mai 1998 - Årgang



F.v. Ingebjørg Melbye, f. Bolstad, Kari Bolstad, f. Melbye og Marit Lineikro, f. Bolstad. «Karen» er mor til Torleiv og Torgeir Bolstad, dei andre to er farsystrene deira.

INNHALD

- Frå redaktøren
- Helsing frå det nye styret
- Strunkeveka 1998
- Jørn Hilme-stemnet 1998
- Munnhorpefestivalen 1998
- Spelemannsskula
- Raddesida
- Primstaven - aktivitetar i lokallaga
- Adresseliste styremedlemmer

Redaktør: Esther S. Bergene - co-red.: Ellen Persvold og Frode Rolandsgard

**VALDRESKVELVEN spel- og dansarlag med helsing frå leiar Guro R. Kvam:**  
Ikkje noko planlagt enno, men det kjem, det kjem!

**VALDRESLAGET i Oslo med helsing frå leiar Frode Rolandsgard:**

- Valdreslaget i Oslo har øvingar annankvar måndag. Neste øving er måndag 18. mai i Nordahl Brunsgrt. 22
- På Frognerstrøa i Oslo er det treff for interesserte i eldre folkemusikkinstrument. Ta kontakt på tlf. 2238 0598
- Hallingøvingar annankvar onsdag, neste øving 13. mai kl. 18.00. i Nordahl Brunsgrt. 22



## Felles styremøte mellom det gamle og nye styret i VFL 22. April 98 kl. 19.30

Tilstades: VSFD: Sverre Høivik (vara), VFM: Ingar Ranheim, VFL gml. Styret: Tor Morten Rohr, Begmaljom: Erik O. Roang, Vårflaumen: Inger Marit Viken (vara), VFL gml. Styret: Ulf Myrheim, Valdreslaget i O.: Knut Aastad Bråten, Spelemannsskula: Ellen Persvold, Valdreskvelven: Guro R. Kvam, ny leiar VFL: Andris J. Kvam  
Meldt forfall: Nils Leine og Endre Hensing frå det gml. Styret i VFL.  
Ikkje tilstades: Etnedal Spel- og dansarlag, Øystre Slidre Spel- og dansarlag.

Innleiing: Det gamle styret i VFL v/ Tor Morten Rohr hadde kalla inn til møtet. Tor Morten ynskte alle velkomne og gav ordet til den nye leiaren Andris.

Ei kort presentasjonsrunde synta at det var mott eindell vararepresentantar, samt at me ikkje hadde representantar frå alle lag. Det vart difor vanskeleg å fordele arbeidsoppgåver og styreverv.

### Sak 1/98 NYTT STYRE, ARBEIDSOPPGÅVER, ORGANISERING.

Med bakgrunn i arbeidet med omorganisering av VFL og vedtaket vedr. dette frå årsmøtet, var det behov for eindell orientering og diskusjon i høve til korleis det nye styret skal organisere seg. Det er sagt i frå organisasjonsnemnda at ei 20% stilling er tiltenkt leiaren av laget. Andris har i utgangspunktet ikkje sagt seg villig til å ta på seg denne delen av leiarvervet pga sin arbeidssituasjon.

Orientering frå Ingar om dagens situasjon:

Esther Bergene (tidl. Sekretær) vart oppsagt pga at ein vil drive laget på frivillig basis, utan mange lona stillingar

Ellen Persvold har etter jul vore engasjert som koordinator for Spelemannsskula etter at Elisabeth Kvæme sa frå seg dette.

Det er ei eiga nemnd i arbeid for Jørn-Hilme stemnet (som tidlegare)

"Strunkeveka" Kursveke for ungdom har inga tilknytting til VFL, - det er Vårflaumen og Øystre-Slidre Spel- og dansarlag som har ansvar for dette.

Arkivet skal etter planen overførast til Museet 1. Juli 98. (Skal takast opp på styremøte i museet fyrst i juni.) Etter dette har me altså ikkje arbeidsgjeveransvar lenger.

Kommentarar i fht korleis me skal organisere oss:

Kva for tilknytting skal me ha til museet. Må den som skal ordne post o.l ha kontor plass på museet slik det har vore til no?

Kva for tenester skal me leige frå andre, rekneskap? Sekretær?

Viktig å ha ein sterk leiar og klare ansvarslinjer (ikkje pulvrisere ansvaret ut til mange.)

Korleis skal kontakten til lokallaga vera? - målet med omorganiseringa er mellom anna å forsøke å få til eit betre samarbeid mellom laga, - men VFL er framleis eit regionlag.

Orientering frå Tor Morten vedr. Munnhorpefestivalen:

Festivalen har gått med stort underskott, spesielt i 1996. I 1997 var underskottet på kr. 4000,-. Rolf Karlberg har kome med forslag om redusert festival, meire basert på dugnadsarbeid om lag 20 stk.

Planleggingsgruppa for festivalen består av: Rolf Karlberg, Ånon Egeland og Tor Morten Rohr. Tor Morten har til no vore bindeledd mellom festivalen og VFL.

Vedtak: Tor Morten held fram som kontaktperson, sjølv om han no ikkje sit i styret. Han har ansvar for å halde styret fortløpande orientert. Brosjyre med invitasjon til festivalen er snart klar til utsending. Det er sett opp eit beskjedent budsjett utan underskott.

Etter desse ulike orieteringane og noko diskusjon vart følgande forslag stilt:

Du kan melde deg på som:

- Utøvar med spel under munnharpekafe (solo eller samspel)
- Med innlegg under seminar
- Seljar av munnhorper
- Ivrig deltakar utan spesielle plikter

Seminarinnlegg kan vera eit lite foredrag, presentasjon av nokre opptak eller ein video med kommentarar, framstilling av eit "munnharpeemne" med levande demonstrasjon eller noko anna med tilknytning til munnharpe.

Innkvartering og måltid må du skaffe deg sjøl, sjå annonsar. På museet kan du få servering under munnharpekafe og kaffeause. Meir oppl. i tlf.: 613 42448 - 613 63328 - 613 46335.

-----  
PÅMELDING FOR FAGERNES MUNNHARPEFESTIVAL, til Valdres Folkemusikk-  
ikklag, Tyinvn. 19, 2900 Fagernes, innan: 3. september.

Namn: \_\_\_\_\_ Adresse \_\_\_\_\_ Tlf. \_\_\_\_\_  
Påmeldingsavgift kr. 150 har eg sendt til kto 2070 20 30294  
Valdres Folkemusikklag, 2900 Fagernes. Eg vil delta med:

Ynskje om gruppearbeid:

## JØRN HILME-STEMNET 1998

### - Helsing- og forsvarstale frå propagandaavdelinga

VELKOMEN TIL HILMESTEMNET  
1998. HER HAR ME STORE NYHENDE  
OG MANGE POTENSIELLE TRAKK I  
SALATEN. EI FORSVARSTALE ER  
DIFOR PÅKRAVD.

#### Nemnda

Leiar for stemnet er Ellen Persvold. Med i nemnda har ho Anne Marie Aastad Bråten (tevlng), Marit Karlberg (konsert/dans), Kristin Gulbrandsen (kurs), Oddrun Hegge (vakt), Toril Aastveit (mat), Tone Voldhaug (pynte) Sidsel Røine (premie), Inger Marit Viken (økonomi) og Frode Rolandsgard (pr).

#### Stemneprofilen

Ein stadig aukande konkurranse på festivalmarknaden både nasjonalt og regionalt gjer at stemnenemnda kvart år må tenkje gjennom stemneprofilen. Nemnda ser Hilmestemnet som det viktigaste PR-tiltaket til folkemusikkmiljøet i Valdres. Det er difor viktig å trekke bygdefolk til stemnet, og å gje dei eit positivt og allsidig møte med folkemusikktradisjonane i Valdres. I fleire år har me mista svært mange av bygdefolket. For å ha eit von om å snu den trenden, har me i år ein del endringar som me trur vil trekke folk. Me satsar særleg på god gamaldansmusikk, og har ordna med eit nytt dansegolv på området framom Nystogo på museet. Den noverande utescena på museet er lite eigna for gamaldans. Rundt det nye golvet har me tenkt å laga eit koseleg miljø med bord og benkar. Fredagskvelden blir det godkarterevling og musikk ved Full Rulle, medan Sven Nyhus sekstett spelar laurdagskvelden. Blir det dårleg ver, flyttar me gamaldansen inn på Slidrehuset, samstundes som me opnar fleire småe hus til bygdedans. Me vonar også å få til eit

samarbeid med Valdres gamaldansklubb desse kveldane.

Fredag kveld har Grabukkadn, det ærverdige hallingdanslaget i Valdres, utfordra ei rekke liknande lag til godkarterevling. Dei utvalde er m.a. Slidre atletunion, Hølerafossen festelege menneskeforeining, Kollstad ungkarsforeining, Valdres naturaktiviteter, Valdres bondeungdomslag, Valdres ungdomslag og Røn bondekvinnelag. Tanken er å ha ei lagkonkurranse i trekamp i tillegg til den individuelle konkurransa. Alle tevlar individuelt, men dei tre beste frå kvart lag tel også i lagkonkurransa.

Elles har pr-nemnda lyst til å takka arrangørane av det Fagernesbaserte rockearrangementet «Strømstock-1997». Dei ga oss masse gratisreklame i avisa: Når politiet klaga på Strømstock-arrangørane svara dei: «Det er mykje verre på Jørn Hilme-stemnet». Det er mogleg at me bør sope litt i kveldsarrangementet vårt, men kva om Strømstockarane fyrst hadde sopt for si eiga dør?

\*\*\*\*\* Sjå her!!!! \*\*\*\*\*

#### Fantastiske og trivelege kurs

\*\*\*\*\* Sjå her!!!! \*\*\*\*\*

Kursnemnda oppmodar lokallaga til å drive aktiv pr for Hilmekursa ovanfor medlemar og bygdefolk. Det er eit heilt spesielt triveleg miljø på museet under desse kursa, og det er slik eit godt høve til å skaffe nye medlemar til lokallaga. Tidlegare har det vore eit fleirtal av folk som kjem utanfrå Valdres. Kan me snu det i år? Sjå på dei gode instruktørane våre!

#### Open klasse og bygdedansspel på toradar!

Ei stor prinsipiell endring er at me har innført ei open klasse. Der er det fritt fram for utøvarane til å bestemme innhaldet. Me tenkjer oss at tradisjonar med svak eller

Til: KRANGLETEIGEN

## FORSLAG TIL FRAMTIDIG GJENNOMFØRING AV LOKALKAPPLEIKEN.

Det var ein sær koseleg lokalkappleik på Tingvang i år, spesielt bra var det at bygdedansfolket og gamaldansfolket igjen var samla. Den tidlegare praksisen bidrog etter mi mening til å laga eit kunstig skilje. Men det var deler av arrangementet som ikkje fungerte så bra

- Kappleiken varte heilt til kl. 20.00. Til neste år kan vel kappleiken starte eit par timar før? Det kan også vera lurt å samle 3-

Slarvesida... for deg som elsker å radde!

- Guro Kvam, f. Råheim, busett i Vang, skal ikkje være med på årets ridetur til landskappleiken på Kongsberg. Årsaka til kvifor ho ikkje skal ri i år er noko sprikande, men Låt ò Link tek imot radd frå alle som skulle meine noko om dette.
- Marit Karlberg har motteke settepotet og frittgåande høns!
- Øystre Slidre glitra med sitt fråvær på VFLs fyrste styremøte etter årsmøtet. Fyyyy!
- Speloppmakaren Jan B. Granli er ein triveleg kar!

4-5 av same utøvartype etter kvarandre, slik at rigging og domarskifte tek mindre tid.

- Det vart ikkje dans for publikum før om lag kl. 23.00. Seinare år kan kanskje gamaldansgruppene tevla om kvelden, samtidig med at dei spelar til dans? Vidare var underteikna svært skuffa over at han ikkje vann hallingdansen og dermed fekk vera med på meisterkonserten. Den bør difor gå ut slik at han og fleire får betre tid til å danse.

Frode Rolandsgard

- Oddrun Hegge har kjøpt seg to nye par ecco-sko. Det eine skoparet var alt for lite. (typisk!)
- Marit Rolandsgard har fått seg ein magetrimmar. Ho veit enno ikkje korleis trimmaren fungere.
- Ellen Persvold har mykje radd om Elisabeth Kværne. Ta direkte kontakt på tlf. 61365654.
- Elisabeth Kværne har mykje radd om Ellen Persvold. Ta kontakt på tlf. 61365190.



Kurs i folkemusikk for ungdom frå heile austlandsområdet 19. - 24. juli

Hausten 1997 oppmoda Frode Rolandsgard til eit møte. Der hevda han at vestlendingane har noko som me austlendingar ikkje har, nemleg eit sommarkurs i folkemusikk. Han kunne ikkje skjønne kvifor dette ikkje var tilfelle og heller ikkje at kurset ikkje skulle haldast i Valdres. Ei arbeidsgruppe blei sett ned til å arbeide med saka, Aud Søyland og Frode Rolandsgard. Desse to har gjort ein flott jobb med å opprette kontakt med Norsk Musikkråd, Oppland, og skrive velformulerte søknader som gir veka det økonomiske grunnlaget. I januar kom eg, Ellen Persvold med i arbeidet som ein koordinator for kurset.

marknadsføring av kursa skulle begynne trengte me eit namn. Eg synst at «Sumarkurs for born og unge på valdres Folkeshøgskule 19.-24. juli 1998» er *litt* tungt og ville finne eit kort og fengjande namn. Etter mykje hjernevriding og telefonar til ymse ordkunnige konsulentar, hamna me på «**Strunkeveka**». Dette ordet betegner veka før slåtten då ein skulle samle krefter til kraftaket som venta. Denne tydinga av ordet gjekk av bruk tidleg på 1900-talet, men eit ord som dette fortener å ha ei mening. Difor okkuperer me ordet og lagar vår eigen strunkeveke med vårt eigen innhald.

«**Strunkeveka**» skal vera eit kurs for utøvarar frå ti år og oppover som spelar fele, hardingfele, toradar, langeleik eller syng, dansar halling og likar idrettsleikar. Eller som vil lære å spela munnharpe og fløyte. Me set inga øvre aldersgrense, men legg ikkje skjul på at sjølve opplegget er laga med tanke på ungdom. For å få størst mogleg utbytte av kurset har me sett som krav at ein bør ha spelt eller dansa i omlag to år, eller kjenne noko til tradisjonssong for å kunne delta. Unntaket er kurset for munnharpe- og fløytekurset som og er ope for nybyrjarar.

Det blir individuell undervisning, gruppeundervisning og noko felles undervisning for heile kurset. Gruppene skal delast inn etter instrument, nivå og tradisjonsområde så langt det let seg gjera. I tillegg til ulike kurs kan denne veka tilby konsertar med lærarar og elevar, utflukter til mellom anna Vasetdansen, og elles andre meir og mindre planlagde sosiale hendingar.

**Instruktørar:** Henning Andersen, Tore Bolstad, Knut Aa. Bråten, Ingvill Garnås, Inge Gjevre, Solveig Hårdnes, Geir Egil Larsen, Bergliot Hedda Lunde, Unni Løvlid, Sigbjørn Rua, Anders Røine, Roger Slåstuen, Bjørn Strand, Egil Syversbråten, Lars Underdal.

### Meisterklasser med Hauk Buen og Sven Nyhus

blir og lagt opp til ei meisterklasse for utøvarar på fele og hardingfele som er komne svært langt. Kvar av deltakarane får individuell instruksjon, og skal i tillegg ha ein presentasjon av sitt repertoar i plenum. Det blir og noko felles undervisning på dette kurset. Deltakarane må vera ca. 18 år eller meir, og ha ei rikholdig låttekunne frå sitt distrikt.

Kurset går frå 19. til 22. juli.

### Kva kostar kursa?

For deg som yngre enn 15 år:	1600,- m/ overnatting	1200,- u/ overnatting
For deg som er over 15 år:	2350,- m/ overnatting	1500,- u/ overnatting
Meisterklassa:	1700,- m/ overnatting	

Den høgaste prisen inkluderer kost, losji og undervisning for heile opphaldet, medan den andre prisen forutsett overnatting og bisk heime. Ein må og ta med matpakke heimanfrå til dugurds. Middag og kveldsmat er inkludert i prisen.

forts. neste side

## KAPPLEIK

laurdag 10.00 - ca 19.00 og søndag 11.00 - ca 17.00

Hilmestemnet er festival, kurs og landsomfemnande kappleik. Er du ikkje heilt inne i kva ein kappleik er? Kom og få eit møte med mange av dei beste folkemusikarane i Noreg. Kappleiken går over 2 dagar og alle klassene har eigne tider, slik at ein enkelt kan plukke ut kva ein ynskjer.

Hilmestemnet 1998 har desse nyhenda:

**OPEN KLASSE.** Klassa er for musikk eller samspelskombinasjonar med svak eller utdøydd tradisjon, eller «nye» folkemusikkinstrument. Berre du eller de held dykk innanfor ein vid definisjon av folkemusikk, og spelar akustiske instrument, er de velkomne. Me har gjeve domarane frie tøyler til å bestemme vinnar, så bruk fantasien.

**UTEKAPPLEIK.** Utescena på Valdres Folkemuseum blir laurdag ettermiddag tevlingsplass for alle deltakarar som vil tevla i lokking og laling, bukkehorn, lur eller trommer. Deltakarane i desse klassene skiftar på med lagdansen, så det kjem til å bli eit underhaldande høgdepunkt.

**EIN-TORADAR.** Ei eiga klasse for dei som spelar bygdespel (halling, springar og gangar o.l.) på toradar eller einadar.

**LYDARLÅTTKLASSE.** Spel menn som vil vera med og tevla om lydarlåtprisen til minne om Andris A. Dahle, må stille i ei eiga klasse som tevlar laurdag kl. 13.00. Det skal berre spelast ein lått.

**LAGSPEL/ GRUPPESPEL.** Gruppe og lagspel på like instrument er slått saman til ei klasse. Samspel på ulike instrument tevlar i open klasse.

## KLASSEINDELING:

KL A: for dei som har 1. premiegrad frå Landskappleiken 2 gonger.

KL B: for andre over 18 år

KL C: for dei mellom 12 - 18

KL D: for dei over 60

REKRUTT: for deltakarar under 12 år. Udømd, men får deltakarpremie.

I klassar med få deltakarar er det berre eldste og yngste klasser.

## FOREHANDS-PÅMELDING OG INF

Valdres folkemusikklag,  
Tynnvegen 27, 2900 Fagernes  
tlf: 6136 4671.  
faks: 6136 1609

## FOLKEMUSIKKARKIVET

i kjellaren på Valdres Folkemuseum er opne for stemnelyden fredag kl. 16.30. - 18.30.

## VELKOMEN TIL HILMESTEMNET 23. - 26. JULI

Valdres Folkemusikklag ynskjer velkommen til Hilmestemnet: landsomfemnande kappleik, konsertar med tradisjonsberarar, nyskaparar og topp-utøvarar, og tre dagar med fest på Valdres Folkemuseum.

Sven Nyhus sekstett syter for gamaldans- og polsmusikk

Kappleiksdeltakinga har auka med 40 % på 3 år. Dette har gjeve påskuv til å setje opp alternative tevlingsklasser attåt dei meir innarbeidde tevlingsgreinene.

gjev nytt liv til utekappleiken På utescena blir det tevling i lokk og laling, og i lur, bukkehorn, tromme og lagdans.

• I open klasse kan de stille opp med dei akustiske instrumenta de ynskjer, og spela folkemusikk, i tradisjon eller nyskaping, arrangert eller beint fram, åleine eller saman. Det domarane likar best, vinn!



- Det blir eiga tevling i lydarspel på hardingfele.
- Eiga klasse for «bygdedansspel» på durspel.

Kursverksemda held fram, også i år med dugande rettleiarar. Sleng dykk med og lær å danse springar, spela munnharpe, langleik eller å syngje på den gamle måten. Fredagskvelden utfordrar hallingdansen «Grabukkadn» andre godkarar og godkvende til godkartevling.

Størst på bygdedans og buskspel! Valdres Folkemuseum opnar gjestfritt stovene for kurs, intimkonsertar, spel og dans: Fem stover til dans, 2 utegolv og ei eiga stove for song og lydvarer eldre instrument.

Merk prisane! Lågprislina er mogleg takka vera omfattande dugnadsinnsats frå tilskipparar, hjelpesmenn og utøvarar!

Heimesideadresse: <http://www.franksgrafikk.no/valdres/joern-h/index.htm>

## HILMEKURSA:

- |   |        |
|---|--------|
| 1. Valdrespringar, nybyrjarar - 7,5 timar             | kr 300 |
| Kurshaldarar: Rolf og Berit Karlberg                  |        |
| 2. Valdrespringar, vidaregåande - 7,5 timar           | kr 300 |
| Kurshaldarar: Jørgen Trøen og Anne Kjellfrid Sundvoll |        |
| 3. Song, nybyrjarar - 6,5 timar                       | kr 250 |
| Kurshaldar: Bente Ingholm Hemsing                     |        |
| 4. Song, vidaregåande - 6,5 timar                     | kr 250 |
| Kurshaldar: Bodil Haug                                |        |
| 5. Langhørpe, vidaregåande - 7,5 timar                | kr 300 |
| Kurshaldar: Ole Aastad Bråten                         |        |
| 6. Munnhørpe, vidaregåande - 5,5 timar                | kr 200 |
| Kurshaldar: Anders G. Røine                           |        |

Vil du ha ein roleg start på Hilmestemnet, og bli betre kjend med folk, kan du koma på Hilmekursa som går torsdag og fredag. Alle møter på Valdres Folkemuseum torsdag kl 19.30. Fredag er oppmøtet kl 11.00. I tillegg til den oppsette tida, er det fredag ei pause på omlag halvannen time. Då kan du kjøpe tradisjonskost på kafeen «Nystøga» på museet. Ungdom under 15 år - halv pris.

Me tek atterhald om tilstrekkeleg påmelding for igangsetting av kursa.

Bindande påmelding innan 21. juli til:

Kristin Gulbrandsen, 2943 Rogne, tlf6134 2455p eller 6134 2335a

VALDRES  
FOLKE-  
MUSIKKLAG  
tlf 6136 4671,  
faks 6136 1609



Hilmestemnet blir arrangert av Valdres Folkemusikklag, regionlaget for dei 6 spel- og dansarlag i Valdres og Valdres-laget i Oslo, med tilsaman vel 500 medlemmar. Folkemusikklaget står for ei rekkje av regionale tiltak som «spellemannsskula» og folkemusikkarkivet for Valdres. Laget står også bak CD og bokutgjeingar, og skipar dessutan til mindre stemne som munnharpefestivalen og lokkappleiken. I 1966 starta folkemusikklaget landets fyrste distriktsmusikarordning, då Torleiv Bolstad vart tilsett. Nord Aurdal kommune tok i 1996 over arbeidsgjevaransvaret for dei då 4 distriktsmusikarane. Valdres Folkemusikklag har kontor på museet på Fagernes.

## Torsdag 23. juli

19.30 Kurs på Valdres Folkemuseum.  
21.30 Dans på Valdres Folkehøgskule.

## Fredag 24. juli

11.00 Kurs, sjå omtale.  
19.00 **Festframsyning i kulturhuset på Fagernes: AUSTABLÅTT O' VESTAVILT.** Medverkande: Johanna Fuglesteg, Jan Beitoaugen Granli, Øystein Romtveit og Øyonn Groven Myhren.  
21.00 **Valdres Folkemuseum:** Gamaldans etter «FULL RULLE». Bygdedans og buskspel. **GODKARTEVLING** i regi av Grabukkadn.

## Laurdag 26. juli

10.00 **Kappleik på kulturhuset:** Møt fram i god tid! Spel og dans kl. C.  
12.00 Song og eldre folkemusikkinstr., yngste klasse.  
13.00 **Kappspel** om Andris A. Dahles minnepris.  
13.30 Spel og dans kl. B og D.  
18.00 **Valdres Folkemuseum:** lagdans og kappleik i lokk og laling, og i uteinstrumenta - tromme, lur og bukkehorn. Utdeling av Andris A. Dahles minnepris.



19.30 **SVEN NYHUS SEKSTETT** spelar opp til dans. Bygdedans og buskspel i mange hus. Skattebustogo er open til song og eldre instrument.

20.00 **SKJEMT O' ALVOR** Intimkonsert i Rognebygningen. Med Ingvar Hegge, Olav Viken og Harald Røine.  
21.15 **NINJA 2000 - JAM** Intimkonsert i Rognebygningen. Med Anders Røine, Mads Johansson og Johan Westman.

02.00 Dansen slutt på museet.

## Søndag 27. juli

11.00 **Kulturhuset:** Premieutdeling for tevlinga på laurdag.  
11.30 Kappleiken startar, møt fram i god tid! Song og eldre folkemusikkinstrument, eldste klasser. **OPEN KLASSE!**  
13.00 Spel og dans kl A, lag/gruppespel, bygdedansspel på ein- og toradar.  
18.00 **Valdres Folkemuseum: FJORÅRSVINNARKONSERTEN**  
19.00 Premieutdeling for dagens tevlingar.  
19.30 Ståk og støy for alle som ikkje vil heim att.

## AUSTABLÅTT O' VESTAVILT,

festkonsert fredag kl 19.00 - kulturhuset

Det er ikkje lenger bergo imyljo enn trølle treffast! Fjellfriskt spel, song og dans. Eit fargerikt møte mellom tradisjonar frå øvre Valdres og øvre Telemark, med nokre av dei beste utøvarane frå desse distrikta.



Øystein Romtveit.  
Foto: Kjell Bitustoyl

Spelemannen **Øystein Romtveit** og kvedaren **Øyonn Groven Myhren** med Vest-Telemarkstradisjon. Frå Valdres kvedaren **Johanna Fuglesteg** og spelemannen **Jan Beitohaugen Granli**.

Over 20 dansarar medverkar til at dette kan bli eit stemningsfullt, humoristisk og vilt kulturmøte.

## TEVLING I GODKARSTYKKE

fredag kl 21.00 - Valdres Folkemuseum

Hallingdanslaget Grabukkadn utfordrar godkarar og beslekte lag til godkartevling. Det blir tevling i hallingkast, rævkrok, i å strekke kalveskinn, i handbak og i 3 - kamp. I trekamp tevlar deltakarane med 3 sjølvvalde karstykke. Bestemannspremie? - prøvemedlemskap i Grabukkadn!

Intimkonsertar PÅ VALDRES FOLKEMUSEUM:

## SKJEMT O' ALVOR, laurdag kl 20.00 - Rognebygningen

**Olav Viken, Ingvar Hegge** og **Harald Røine** sit inne med mykje søge og kunné som dei vil dele med oss på denne intimkonserten. Dei fortel, spelar og syng m.a. frå tradisjonen etter spelemannen Ola G. Okshovd frå Øystre Slidre.

## NINJA 2000 - JAM, laurdag kl 21.15 - Rognebygningen

Då svenskane gjekk til åtak mot Noreg i 1567, gjorde valdrisane særfred med dei. Det var sist gong valdrisar og svenskar møttest. Går det betre no?

I gruppa «NINJA 2000» (Norrønt Institutt for Nasjonal Joik og Agrarmusikk) kjem valdrisar og svenskar på nytt saman i konserten JAM.

Valdrisen **Anders Røine** (gitar og munnharpe) møter svenskane **Johan Westman** (fele og overtonesong) og **Mats Johansson** (fele). Eit sentralt emne blir truleg: paranormal folkemusikk.

## FJORÅRSVINNARAR, konsert søndag kl 18.00 - Slidrehuset

Medan me ventar på premieutdelinga for tevlingane, får me høgdepunkt frå kappleiken i fjor. Alle fjorårsvinnarar er velkomne til å delta. Programleiarar er **Johanna Fuglesteg** og **Eivind Ødegård**.



Johanna Fuglesteg og Jan Beitohaugen Granli



Øyonn Groven Myhren



Olav Viken



JAM

# G A M A L D A N S

## FULL RULLE

Fredag spelar gamaldansgruppa «Full rulle» frå Valdres til dans på museet frå kl. 21.00. Med i gruppa er: Øystein Nicolaisen, Audun Rogne, Tom Kjetil Tørstad, Jostein og Tomas Hillestad.

## SVEN NYHUS SEKSTETT



Foto: Brye, A.

Sven Nyhus sekstett er ei av dei beste og mest kjende gamaldans- og polsgruppene i landet. Dei vart m.a. nominert til spelemannsprisen i år.

Laurdagskvelden kjem dei til museet med drivande godt dansespel frå kl. 19.30.

Med i gruppa er sitjande frå venstre: Arne Sigurd Haugen, Sven Nyhus og Tore Løvgren. Ståande frå venstre: Åshild Breie Nyhus, Odvar Fingarsen og Martin Thue.

Me har laga nytt dansegrølv med sitjeplassar framom Nystogo. Dersom været blir dårleg, flyttar me gamaldansen inn på Slidrehuset.

## BYGDEDANS OG LÆTE I HUSA PÅ MUSEET

Unikt i landssamanheng er dansen i mange gamle hus på museet fredag, laurdag og søndag. Utanom springardans etter valdresmusikk, blir husa opne også for gjestespelemenn. Ta med dykkar egne spelemenn!

Me følgjer opp suksessen frå i fjor: Utøvarar av eldre folkemusikk-instrument og song får eit eige hus til danse- og lydarlæte i Skattebustogo.

## ANDRIS A. DAHLES MINNEPRIS

Til minne om spelemannen Andris A. Dahle (1925 - 1996), og til fremje av lyd- og utspel, har familien til Andris sett opp ein pris til beste lydarspel på kap. Viken. Andris A. Dahle vart rekna for den fremste beraren av Ringestad-tradisjonen i Valdres. Han kunne ei mengd lydarlåttar etter bestefaren Ivar Ringestad og etter Ola G. Okshovd. Han var òg dansspelemann med god dansetakt. Spelet hans var kjenneteikna av rik ornamentikk og særmerkt farge-legging. Andris ga ut «Portrett av ein spele-mann» i 1981 (LP/MC) og «Gofalåtten» i 1993 (CD/MC), båd på plateselskapet Heilo.

Det blir ei eiga tevling i lydarlåttspel, open for alle hardingfeletradisjonar, laurdag kl. 13.00. Prisen blir delt ut laurdag kveld under utkappleiken, og den er på 2000 kroner.



Andris A. Døve.  
Foto: Helge Gudheim.

## BILLETTAR

**Fredag:**  
Konsert og museet kr. 100  
Konsert kr. 70  
Museet kr. 50

**Laurdag:**  
Kappleik på kulturhuset kr. 60  
Museet kr. 100  
Intimkonsertar kr. 30

**Sundag:**  
Kappleik på kulturhuset kr. 60  
Museet inkl. konsert kr. 50

Gjennomgangsbillett kr. 200  
(gjeld kappleik og dans)


Born under 12 år gratis  
Ungdom under 16 år halv pris

**Deltakaravgift**  
Einskild-deltakar kr. 100  
Grupper (2-4 pers) kr. 200  
Lagspel kr. 400  
Lagdans kr. 500  
Rekruttar halv pris

Ynskjer du meir informasjon? Ta kontakt med:

«Strunkeveka» v/ Ellen Persvold,  
tlf. 6136 4671  
faks: 6136 1609  
Tynvegen 27, 2900 Fagernes

☺ Arrangørar av kursa er Vårflaumen spel- og dansarlag og Øystre Slidre spel- og dansarlag i samarbeid med Norsk Musikkråd, Oppland.



## ✂ PÅMELDING TIL STRUNKEVEKA

Namn: .....

Adresse: .....

Telefon: ..... Fødd: .....

Eg har spelt i om lag ..... år

Kryss av for ynskje av kurs:

- |                                      |                                  |   |
|--------------------------------------|----------------------------------|---|
| <input type="checkbox"/> Hardingfele | <input type="checkbox"/> Song    | <input type="checkbox"/> Munnharpe/fløyte |
| <input type="checkbox"/> Fele        | <input type="checkbox"/> Halling | <input type="checkbox"/> Munnharpe        |
| <input type="checkbox"/> Langeleik   | <input type="checkbox"/> Toradar | <input type="checkbox"/> Fløyte           |

For påmelding til meisterklasse på fele eller hardingfele, eller for meir informasjon om kursopplegg, ta kontakt med kursleiar Ellen Persvold på tlf. 6136 4671.

Det må bli tilstrekkeleg påmelding til dei enkelte kursa for at dei skal koma i gang.

✂ Påmeldingsfrist: 1. juni

# SPELEMANNSSKULA

«Spelemannsskula» kom i gang etter initiativ frå Elisabeth Kværne.

Elisabeth og Ester S. Bergene sto for planlegging og tilrettelegging, og hausten 1997 kunne Valdres Folkemusikklag be inn interesserte til spelemannsskule. Det var nok personar som meldte interesse, og no våren 1998 er me 9 stykkjer, og fleire er interesserte.

Meininga er at «Spelemannsskula» skal vera ein sosial og lærerik samlingsplass for unge folkemusikarar på gymnasnivå. Me treffast annankvar tysdag og et middag, har ei økt med eit spesielt emne og til slutt har me samspel. Det spesielle emnet er svært ope, men kan for eksempel vera ulike emne innan tradisjonskunnskap, vedlikehald av instrument eller dans. Etter at folkemusikklinja ble flytt til Vinstra er det framleis lærarar og instrument igjen i Valdres, noko som me bør bruke. Me har fått bruksløyve til dei instrumenta som folkemusikklinja eigde og har tatt fleire av desse i bruk. Me har og tatt i bruk ein av dei tidlegare lærarane ved lina, Ånon Egeland. Tilbodet skal vera eit supplement til lokallagsvirke, difor satsar me ikkje på eit reint spelemannslag, men på meir arrangert samspel. Dette er og naudsynt ut i frå

instrumentkombinasjonen blant deltakarane. Ånon har funne fram ein del arkivopptak frå Valdres som me prøver oss fram med, målet er deltaking under open klasse på Hilme-stemnet.

Det er og fleire av deltakarane som får den individuelle musikkskuleundervisninga si på museet den same dagen som me har spelemannsskule.

Planar me har elles er ein ekskursjon til Oslo til konsert og vitjing av ulike institusjonar som er aktuelle for folkemusikarar. Me har og tala om ein utanlandstur, men me var nok ute i seinaste laget for å klare det denne sumaren...

Elles har Valdres Folkemusikklag sett ned ei styringsgruppe til vidare drift av «Spelemannsskula», her sit Knut Aa. Bråthen, Henning Andersen, Harald Røine (Hei til deg forresten...) og Ellen Persvold. Me har ikkje hatt møte endå, men eg vonar me kan bli einige om eit dansekurs for ungdom til hausten i tillegg for å få med fleire.

Har du spørsmål eller idear til «Spelemannsskula»? Ta kontakt med ein i nemnda eller ringe meg, Ellen Persvold på telefon 6136 4671.

*Ellen i greise*



broten tradisjon skal tevla der, men me opnar også for samspel på ulike instrument, og for rein nyskaping og arrangert folkemusikk. Domarane står fritt til å velja vinnar utifrå ein vurdering av den musikalske prestasjonen. Det blir ikkje gjeve poeng, men ei rangering og premiering av dei 1/3 beste. Me har ein restriksjon - klassa er berre for akustiske instrument. (ENØK-tiltak).

Det har ikkje vore nokon større prinsipiell diskusjon i Valdres folkemusikklag om denne nye klassa. Hilmenemnda vil grunnkje valet vårt slik:

1. Folkemusikkungdom syner stor interesse for å høyre på og utøve samspel og arrangement. Desse kan no få ein arena og eit tilbod på Hilmestemnet. Me er viss på at dette på sikt vil auke den generelle interessa også for dei opphavlege folkemusikkformane.
2. I fjor hadde me store problem med kva for klasse me skulle plassere ein del utøvarar. Det problemet slepp me no. Til dømes er samspel mellom tromme og hardingfele utvilsamt ein rekonstruert tradisjon, og fell utanom vanlege domarskjema. Det same gjeld spel på harpe, sekkepipe og lyre. Alternativet til denne løysinga er å avvise desse utøvarane. Det ynskjer stemmenemnda ikkje.
3. Viktig er også at oppslutninga i klasse A - spel, song og dans er svak. For å møte publikum med interessante innslag må kappleiken opna for nye klasser. Så får det vera litt opp til A-klassingane om dei ynskjer at deira prestasjonar skal synast. Me og publikum vonar dei vil!

Hilmenemnda har også vald å føre vidare prøveordninga frå i fjor - bygdedansspel på toradar. Nemnda meiner at dette er ein heilt naturleg del av Hilmestemnet sitt innhald, og vonar at dei mange gode toradarspelarane i Valdres (og resten av landet) grip sjansen.

Elles vil me nemnde at me har slått saman lagspel og gruppespel. Dette er eit forsøksordning grunna lita deltaking i klassene. Eventuelle gruppespelarar kan i år spela i open klasse, då dei ofte kjem med arrangerte materiale.

#### Utetevling

Nytt av året er også utetevlinga i lokk og laling, tromme, lur og bukkehorn. Utescena på museet gjev denne musikken ein naturleg akustisk arena enn kulturhuset. Ekko kan høyre til slike instrument, -me har difor inngått ei avtala med dvergane i Kviteberg. Dei har lova å gje lyd frå seg under tevlinga. Lagdansinnsloga vil gå samstundes med desse nye klassane.

Kjenner du folk som er gode til å lokke? På kyr, geiter, kattar, jenter? Få dei med!

#### Ta del i kappleiken!

Frå Valdres er det fleire som tevlar på Landskappleiken enn på lokkappleiken og Hilmestemnet. Det er synd, for lokkappleikpublikumet går glipp av den musikalske stimulansen det er å sjå og høyre dei beste utøvarane, og dei yngre utøvarane får ikkje dei førebileta dei kunne hatt. Ta del!

Om innhaldet i stemnet kan de elles sjå i programfaldaren som kan tingast frå Hilmenemnda. Me sit på kontoret til folkemusikklaget i kjellaren på museet, direkte tlf.6136 4671.

For PR og propagandanemnda

Frode Rolandsgard

NB: Sure kommentarar skal rettast til leiarmeistarsjef: Ellen Persvold, helst privat ml. 07.00 og 08.00, tlf. 6136 5654

## Fagernes Munnhørpefestival - 98

Valdres Folkemuseum Fagernes 18. - 20. september.

For 4. år på rad vert det munnharpefestival på Fagernes. Vi har fått klare ynskje frå munnharpefolket om å halde fram, men prøver oss fram med form og innhald. I år vert det ein munnharpeuknad. Det vil seia at det er D E L T A - K A R A N E som skapar det meste av innhaldet. Arrangørane, Valdres Folkemusikklag og Valdres Folkemuseum, syter for ramma. D.v.s. det trivelege miljøet på Valdres Folkemuseum, programstrukturen og litt av innhaldet. Om gruppearbeidet som er sett opp i programmet: Etter ynskje frå deltakarane vert det små grupper i spel, munnharpemaking og ev. anna. Det vert spelgrupper på fleire nivå, for nye og vidarekomne, kurs, slåttebyte og samspel.

#### Freida 18.09

Kl. 21.00 Mjuk start, med sosialt samvær

#### Laurda 19.09

Kl. 12.00 Mjuk start, med registrering og sosialt samvær.  
Munnharpemarknad.

Kl. 13.00 Er det grunnlag for stifting av NORSK MUNNHARPELAG?  
Drøfting, ev. innspel til arb.program, verving av medlemmer og valg av styre.

Kl. 14.30 Kaffepause

Kl. 15.00 Seminarinnlegg m. m.a. rapportar frå den internasjonale festivalen i Moln, Østerrike.

Kl. 16.00 Organisering av gruppearbeid, start gruppearbeid.

Kl. 18.00 Middagspause.

Kl. 20.00 Munnhorpekafe med servering, spel og dans.  
Munnhorpemarknad.


Kl. 24.00 Slutt.

#### Sunda 20.09

Kl. 10.00 Gruppearbeid forts.

Kl. 11.30 Seminarinnlegg.

Kl. 13.00 Samling, oppsummering.





Leiaren tek på seg ansvaret for den daglege drifta, og får ei godtgjerste for dette.  
Ein leiger tenesta rekneskapsforar/lonsutbetalalar.  
Ein har vanleg skrivar/sekretær (på frivillig basis).

Borghild Nybråten på museet har til no stått for lonsutbetalingar m.v. Nils Leine har det siste året fort rekneskapen. Det har vore mange som har styrt med dei to kassene til laget.  
Forslag: Me leiger heile rekneskapstenesta av Museet v/ Borghild Nybråten.

**Vedtak: Leiar Andris tek på seg ansvaret for den daglege drifta og får godtgjering for dette.**  
(Budsjettert med kr. 10000,- for 1998).

Ellen tek ansvar for posten som kjem inn på museet, og sorterer og fordeler den til: leiar, arkiv, rekneskap, spelemannskula. Guro tek på seg jobben som skrivar/sekretær.  
Me leiger rekneskapstenesta frå museet v/ Borghild Nybråten ut 1998, pga at me framleis har arbeidsgjeveransvar dette året. Ingar forhandlar med museet i fht godtgjering for leige av rekneskapstenestane.

Einstemmig vedteke.

#### Sak 2/98 Referatsaker

- Brev frå Bente I. Hemsing vedr. arkivet og Songverkstaden (sjå vedlegg)
- Brev frå Nils Leine vedr. rekneskapen for 1997 og 1998.
- Brev frå Frode Rolandsgard vedr. Låt o Link (Sjå sak 3/98)

#### Sak 3/98

Låt o Link skal vera informasjonsblad for VFL og alle lokallaga. Ein vil no prøve med 2 utgåver i året. 1 for sumarsesongen, 1 for vintersesongen. For at bladet skal ha ein misjon, bør alle medlemmane abonnere (no er det omlag 40 abonnentar)  
Forslag om at kvart lokallag tek opp om laget kan betale kr. 10,- pr. medlem for bladet. Evt. kan VFL ha ei avgift på kr. 10,- i medlemskontigenten. Dette må takast opp på årsmøtet.  
Mai-utgåva av Låt o Link betalar VFL for å få sendt det ut til alle medlemmane. Jørn Hilme nemda har ansvar for denne utgåva. Esther redigerer denne utgåva.

*Vedtak: VFL betaler denne utgåva. Lokallaga må ta opp vidare finansiering.*

#### Sak 4/98 Spelemannskula

Me fekk fyrst ei generell om dette prosjektet, bakgrunn, plan m.v.  
Elisabeth Kværne var fram til årskiftet primus motor for dette prosjektet, men sa det då ifrå seg.  
Ellen Persvold er koordinator for den daglege drifta (frå mars 98). For å ta på seg dette, har ho stilt krav om kr. 500,- pr. gong. Det er og forsløge at Ånon Egeland, som er instruktør for samspelgruppa i Spelemannskulen, får kr. 300,- pr. gong. Økonomien i spelemannskulen er dårleg = 0 kr. på kontoen. Inntekter/tilskott er i vente, men kor mykje dette er, er uvisst.

*Vedtak: VFL stiller underskottgaranti for drifta, dersom tiltaket ikkje er sjøvfinansiert no i vår halvåret. Dvs. kr. 4800,- til dei to leiarane.*

*Vidare set me ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere framtida for Spelemannskula. Finansiering, deltakaravgift, organisering (gjennom VFL og/eller musikkskulen).*

*Ein spor Knut Aa. Bråten, Harald Roine og Henning Andersen om å delta i denne gruppa i tillegg til Ellen.*

I samband med Spelemannskulen vart det stilt spørsmål om å dekke deltakaravgift på Jørn Hilme stemnet. Regelen frå tidlegare er at VFL betaler for regionale lag. Denne står me ved.

ref. Guro



#### VÅRFLAUMEN spel- og dansarlag - med helsing får leiaren Inger Marit Skogheim

- Lagdansøving på Slidrehuset på museet fylgjande datoar kl. 20.00: 8. mai, 22. mai, 5. juni og 19. juni. Alle som har lyst til å danse springar er velkomne.
- I samarbeid med Nord-Aurdal Musikkskole: Dansarring for 6-7-8-åringar (songleikar, trad. songar og enkle musikkdansar) i gymsalen på Leira skule kvar tysdag kl. 18.00 - 19.00. Fyrste øving 1. september. Kr. 125,- pr. halvår.
- Runddanskurs (runddans, turdans, marsj og langedans) for ungdommar ca. 10 - 13 år i gymsalen på Leira skule ti (10) tysdagar kl. 19.00 - 20.00. Fyrste gong 15. september. Kr. 125,-. INSTRUKTØR: AUD SØYLAND - SPELEMANN: KNUT OPHEIMSBAKKEN.

#### BEGNALJOM spel- og dansarlag - med helsing frå leiar Runar Kolsrud:

- Spelemannslaget har øving kvar 14. dag og toradargruppa ved Harald Dyve ein dag i veka (onsdagar?)

#### ØYSTRE SLIDRE spel- og dansarlag - med helsing frå leiar Magny Karlberg:

- DUGNAD måndag 11. mai til 17. mai (kl. 19.00): Vasking av låven og spelemannsstogo, raking, rydding ute. Ta med redskap og kake!
- Faste dansekveldar annankvar søndag samt dansesamkome fyrste fredag i månaden. I juni dans kvar søndagskveld fram til Landskappleiken. Bra deltaking, røynde og urøynde.
- Kvedargruppe øving kl. 19.00 - 20.00 annankvar søndag - går rett på danseøving etterpå. Rettleiar: Marit Karlberg. Det er plass til fleire i kvedargruppa!
- Langeleikfolket har uformell samkome i Spelemannsstogo annankvar tysdag med Gunvor Hegge og Kari Steinsrud som rettleiarar.
- Onsdagskveldar er 6-8 spelemannsemne samla til øving. Instruktørar: Trygve Bolstad, Tore Bolstad, Jan Beitohaugen Granli, Olav Jørgen Hegge.
- Torsdagskveldar samlast munnhorpespelarar hjå Rolf Karlberg i Rogne. Rom for fleire!
- 17.mai-fest på Herangtunet: konsert, kaffe, mat.

#### VESTRE SLIDRE spel- og dansarlag - med helsing Ingeborg Moe:

- 15. mai: Vårfest i lag med Valdreskvelven på Kvamshall kl. 19.30. Gjestespelemann: Ånon Egeland. Spekemat, kaffi. Kr. 100,-.
- 23. juli: Konsert i Slidredomen kl. 19.00. Avduking minnesmerke Ola på Hamrisbrøto. Dans og kaffi på Røn gamle skule etterpå.
- Gjensvitt av tysk gruppe i Hilmesveka. Kontaktperson: Johanna Fuglesteg.
- TIL HAUSTEN: Runddanskveldar i lag med Slidringane toradarklubb. Springarkveldar.

#### ETNEDAL spel- og dansarlag - med helsing frå Knut Soldal:

- Fele/hardingfeleundervisning for 7 elevar 3 timar i veka. Instr. Trygve Bolstad
- Toradar rekrutt, 3 elevar. Instr. Jorunn Bergsbakken
- Langeleikundervisning på Fagernes. Instr. Oddrun Hegge.
- Planlagt hallingkurs for born til hausten.

**LÅT O' LINK** er eit livskraftig lite blad som ikkje finn seg i å bli lagt i opplag. I alle høve ikkje no når sumaren og festival-sesongen stend på troppa og veivar med programma sine.

I 1997 kom det tre (3) nummer av bladet (det siste i desember), og det var ei stund uvisst om og når det neste ville syne seg. Hverande skribent og redaktor takka for seg, men har i ettertid ombestemt seg og vil gjerne halde fram som redaktor dersom ho ikkje blir aleine om arbeidet. Det har ikkje alltid vore greitt å få folk til å bidra med stoff.

Denne gongen har ikkje det vore ilt i det heile. Faktisk er det Frode Rolandsgard og Ellen Persvold som har gjort meste arbeidet, dei har henta inn stoff og dei har produsert sjølve.

.....  
Etter mange år med usikker økonomi og vanskar med å skaffe leiari og styremedlemmer er no Valdres Folkemusikklag omorganisert, og årsmøtet i mars vedtok ein modell som i fleire år har vore omtala som ynskjeleg, nemleg at styreleiar eller styremedlem i lokallaget sit som medlem i regionlaget sitt styre. Du vil finne meir om dette i helsinga frå den nyvalde styreleiaren Andris J. Kvam og i referat frå styremøte 22. april.

**DET NYE STYRET OPPMODAR ALLE TIL Å TINGE LÅT O' LINK!**  
Andris seier at de har gode høve til å finne ut kva som rører seg i eige lag og i grannelaget, og ber om at lokallaga jamnleg sender informasjon om aktivitetane til styreleiaren. Eit årsabonnement på bladet kostar kr. 50,-. **DU FINN EIN GIRO INNE I BLADET - BRUK DENNE OG HUGS NAMN OG ADRESSE!!!!**

Så vonar vi 1998 blir ein sær god kappleiks- og festivalsesong, og ynskjer kvarandre **GOD SUMAR**.

*Helsing Østhus*

## HALLO ALLE FOLKEMUSIKARAR

Det stemmer nok det de har høyr - det vart han **ANDRIS JØRGENSSON KVAM** som vart styreleiar. Rykte seier vidare at han nok ikkje visste kva han gjorde. Men det er vel meir interessant at han veit kva han gjer no, og det vil tida vise.

Me har hatt vårt fyrste styremøte etter at omorganiseringa av laget vart vedteke. Sjå referat dei neste sidene.

Når det gjeld omorganiseringa og det nye styret i laget, så er det viktig at dei som er valde kjem på styremøta! Det er heilt klart at no i starten må me prøve og feile noko før me finn gode arbeidsrutinar og greie måter å drive laget på.

Dersom nokon har saker de ynskjer at Valdres Folkemusikklag skal arbeide med, må de ta kontakt med styret ved leiaren. Det er styret som skal avgjere. Dette høyrst kan hende diktatorisk ut, men me ynskjer å ha klare liner.

Arrangement som Jørn Hilde-stemnet, Munnharpefestivalen og Songverkstaden er under planlegging, og styret ber om at alle støttar opp om tiltaka ved å seie ja dersom du blir spurd om å hjelpe til. Uansett: kom iallefall som publikummar og/eller deltakar!

**GOD SUMAR!**

Helsing *Andris*



## VALDRES FOLKEMUSIKKLAG



Fagernes, april 1998

*Til alle spel- og dansarlag i Valdres!*

## KOM OG SYNG

### SONGTRADISJON FRÅ VALDRES

ME HADDE EI VELLUKKA SONGSAMLING I VALDRES FOLKEMUSIKKARKIV I MARS (jf. tidlegare invitasjon). EG INVITERER MED DETTE TIL NYE UFORMELLE SONGSAMLINGAR, OG EG BER OM AT INFORMASJON BLIR GITT TIL INTERESSERTE SONGARAR I LAGET.

OPE FOR ALLE SOM ER GLADE I Å SYNGJE - BÅDE NYBYRJARAR OG VIDAREKOMANDE.

DET BLIR ALLSONG, OG NOKO NYTT KAN DE OG FÅ LÆRE VED Å LYTTE OG HERME.

MERK DEG DATOANE: TYS DAG 5. MAI KL. 19.00-21.00

TYS DAG 2. JUNI KL. 19.00-21.00

SETT AV KVELDANE - TA MED DEG VENER OG VER MED PÅ Å SKAPE EIT GODT SONGFELLESSKAP I VALDRES. DET ER TRIVELEG Å SYNGJE I SAMEN!

TA GJERNE MED LITT BITETI - ME ORDNAR KAFFE OG TE.

INNGANGSPEN GAR KR. 20,-.

VEL MØTT!

BESTE HELSING  
Valdres folkemusikkarkiv  
v/Bente Ingholm Hemsing